

## Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.05.2015

### Vedtak

RS 14/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 – pr april:

- *Oppfølging av skulebruksplanen*: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein førespurnad til opplæringsavdelinga for å få informasjon om korleis strukturen for tilrettelagt undervisning er i skulebruksplanen. Rådet ønskjer og å vete kor det vert eit tilbod om tilrettelagt opplæring i fylket og kva som er planen vidare.
- *Skulebygg som pedagogisk arkitektur*: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be opplæringsavdelinga om ein orientering til neste møte med informasjon om plan for handsaming, samt dei store endringane som er tenkt frå nåverande dokument. Rådet ber og om å få nåverande dokument tilsendt.